

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
611.2	Knut Øyjordet	29.01.20	1/20

SØKNAD OM BRUK AV TERRENG FOR KLUBBMESTERSKAP, JAKTPRØVER OG TRENINGSSAMLING – GUDBRANDSDAL FUGLEHUNDKLUBB*Saksdokument:*

Søknad frå Gudbrandsdal fuglehundklubb av 20.11.19 og 05.12.19.

Saksutgreiing:

Gudbrandsdal fuglehundklubb søker for dette året å disponere terreng til gjennomføring av klubbmesterskap 8. februar, jaktprøve 28. og 29. mars og 5. og 6. september, samt treningssamling for medlemmer i klubben 24. og 25. oktober. Opplegget for prøvene vil i hovudsak vera som tidlegare år, dvs. 5-7 parti pr. dag og med 14-20 hundar pr. parti. Besseggen Fjellpark, Maurvangen er «base» for prøvene.

Vedtak:

Gudbrandsdal fuglehundklubb får løyve til å nytte Langmorkje statsallmenning for å arrangere klubbmesterskap 8. februar 2020, jaktprøve 28. og 29. mars og 5. og 6. september 2020, samt treningssamling for medlemmer i klubben 24. og 25. oktober 2020. Løyvet gjeld ikkje innafør grensene for Jotunheimen nasjonalpark og andre mindre verneområde i Sjodalen.

For klubbmesterskapet, jaktprøva i mars og treningssamlinga kan klubben sjølv velja område for dei ulike partia. Dette fordi det ofte kan vera lokale variasjonar i vær- og føreforhold. Fjellstyret minnar om at det kan foregå småviltjakt utan hund i februar og vanleg trening med fuglehund i februar og mars, samt småviltjakt både med og utan hund i oktober. Fjellstyret ber om at det blir teke omsyn til dette. For jaktprøva i september skal val av område avklarast med fjellstyret v/dagleg leder, og det blir det stilt krav om saureinheitsbevis som må framvisast til arrangøren før prøva.

Det skal betalast ei avgift til fjellstyret på kr. 60,- per hund per dag. For kvart arrangement, skal det bli sendt ein rapport til fjellstyret, med opplysningar om m.a. talet på deltakande hundar, kva for område som er brukt og observasjonar av rype.

Rett utskrift. Går til:

Gudbrandsdal fuglehundklubb v/Øyvind Kalvøy

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder

Kopi til:

Vågå Tamrein AS v/Pål Grev

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no